



Midsund kommune
- der ting skjer



Midsund kommune

Økonomiplan 2007 - 2010
Budsjett 2007



**Framlegg frå Midsund formannskap, sak 06/70 i møte den
28. november 2006 med Rådmannens kommentarar**



Økonomiplan for 2007 – 2010 - herunder årsbudsjett for 2007

Rådmannens kommentarar

Rådmannen legg med dette fram sitt forslag til økonomiplan for perioden 2007 – 2010, herunder også årsbudsjett for 2007.

Budsjettdokumenta består av ein

- 1 **Kommentardel**, som og inneheld tabellar over kommunens inntekter (skattar, rammetilskott, etc.), kapitalkostnader (renter og avdrag), lånegjeld, investeringsforslag og finansiering, m.v.
- 2 **Taldel**, som omfattar diverse hovedoversiktar, samt detaljert driftsbudsjett for kvart av åra fram til og med 2010.

Midsund, 28. november 2006

Dagfinn Aasen
rådmann



Innhald:

- 1 Innleiing
 - 1.1 Scenarier 4
 - 1.2 Nokre generelle perspektiv på kommunesektoren 5
 - 1.3 Folketalsutviklinga i Midsund 5
 - 1.4 Inntektssida i økonomiplana 7
 - 1.5 Utgiftssida i økonomiplana 10
 - 2 Organisering
 - 2.1 Administrativ organisering 11
 - 2.2 Politisk organisering 12
 - 2.3 Interkommunalt samarbeid 12
 - 2.4 NAV-reformen 12
 - 3 Utfordringar for kommunen
 - 3.1 Folketalsutviklinga 13
 - 3.2 Kommuneplanlegging 13
 - 3.3 Sentrumsplanlegging 13
 - 3.4 Sentrumsutvikling 13
 - 3.5 Næringsutvikling 14
 - 3.6 Eldresatsing 15
 - 3.7 Skolestruktur 16
 - 4 Strukturelle forhold
 - 4.1 Stillingsstrukturen i stab- og støttefunksjonane 17
 - 4.2 Skolestrukturen 18
 - 4.3 Barnehagestrukturen 18
 - 4.4 Bukollektiv for eldre 18
 - 4.5 Bokollektiv for bebuarar i butenesta 18
 - 4.6 Nytt aktivitetssenter for botenesta 18
 - 4.7 Vedlikehald av kommunale bygg 18
 - 5 Kommenterarar til driftsbudsjetta
 - 5.1 Stabsavdelingar 19
 - 5.2 Einingar 20
 - 6 Investeringar
 - 6.1 Forslag frå einingane 21
 - 6.2 Rådmannens forslag 21
 - 6.3 Utvikling på disposisjonsfondet 25
 - 7 Avslutning 27
- Vedlegg:*
- Vedlegg 1 økonomisk oversikt drift 28*
- Vedlegg 2 regnskapsskjema 1A 29*
- Vedlegg 3 anskaffelse og anvendelse av midler 30*
- Vedlegg 4 Detaljbudsjett einingane 31*



1 Innleiing

1.1 Scenarier

Økonomiplana det viktigaste styringsdokumentet kommunen har for komande fireårsperiode, og både folkevalde og administrasjonen må da – i tillegg til dei konkrete og umiddelbare utfordringane – også diskutere kommunens utvikling på lengre sikt.

Det er all grunn til å slå fast at Midsund kommune i dag yter tenester som er kvalitativt gode, og som i stor grad er tilpassa lokale behov. Likevel er det slik at kommunen i mange år har slite med å oppretthalde tenestenivået innafor påreknede driftsinntekter. Hadde det ikkje vore for avkastning frå ”børs” og låge renter, hadde drifta i kvart av dei seinare åra endt opp med akkumulerte underskot. Vidare er det slik at kommunen nærmar seg ei kritisk grense reint folketalsmessig.

Folketalsutviklinga, kombinert med behovet for *auka* omfang av tenester på viktige områder (eks: omsorg, eldre), set kommunen no under eit stort press: det at det blir færre innbyggjarar til å betale for eventuell auke i tenestefanget samsvarar ikkje med den økonomiske utviklinga. Kommunestyret må difor – i tillegg til å fordele og løyve midlar til eksisterande tiltak – også finne fram til tiltak som på sikt kan gi kommunen eit fundament for aktivitetssauke, og dermed auka inntening som grunnlag for tenesteytinga.

Det betyr at vi må diskutere kva ”politikk” og kva tiltak vi må sette inn for å prøve å snu ei utvikling som har pågått i (for) mange år. Dilemmaet er sjølvstapt knytta til det å våge å satse og tillate risiko i ei tid da vi økonomisk sett eigentleg ikkje har rom for det. Sagt på ein annan måte: Kor langt er kommunestyret villig til å gå når det gjeld reduksjon og endring i dagens tenestenivå /bemanning i forsøket på å finne nye vegar for å oppnå optimisme, engasjement og framtidig vekst?

Ein kan tenkje seg **tre scenarier** i dette:

Det eine er ein slags ”**status quo**”-situasjon, der ein ut frå ein ”utflyttings- og forgubbings”-situasjon set ressursane inn i ytterlegare eldreomsorg, i oppretthalding av eksisterande strukturar (t.d. i skolesektoren og butenesta), og elles får fokus på å ”halde fortet” slik det er. Dette kan opplevast som trygt og forutsigbart, men det er tvilsamt om det er rette svaret på framtidige krav og utfordringar.

Det andre scenariet kan kanskje kallast ”**vilje under tvil**”, der vi omstiller oss litt etter litt; tilpassar oss på same måte som sentralbanksjefen ”i små men ikke hyppige skritt”. Fokuset er fortsatt på basistenesene, men vi innser kva som egentleg bør gjerast, men blir gåande litt i ring, utan heilt å våge. Frykta for å utfordre tilvante handlingar og haldningar blir eit hinder for endring.

Det tredje scenariet er å ”**gi gass!**”. Endrar vi oss ikkje, blir framtida uviss. Altså det motsette synet: Endring blir ein føresetnad for trygghet. Vi må våge for å vinne, og satse på utviklingsrette tiltak og nytenking, men ikkje gløyme at vi skal halde vedlike gode tilbud til brukarar og innbyggjarar. Dess meir gass ein gir, dess viktigare blir det å sjå i speilet. Ulempen med dette scenariet er mangel på ”fri” kapital. Det nødvendiggjer omfordeling av ressursbruk, og det skaper naturlegvis motstand. Det blir ei stor utfordring å balansere motstridande syn og interesser.

1.2 Nokre generelle perspektiv på kommunesektoren

Småkommunanes dilemma

Som liten kommune opplever vi ofte at det er stor avstand mellom liv og lære når overordna styresmakter gir sine. Da er det viktig at vi samstundes er klar over at kommunestrukturen her til lands er uhensiktsmessig. Betydelege variasjonar i kommunestorleik (frå nokre få hundre innbyggjarar til over ein halv million) gjer at store oppgåver ikkje kan leggest til kommunane, og med det blir eit breitt folkeleg engasjement vanskeleggjort: mange kommunar har ikkje tilstrekkeleg kompetanse, teknologi eller infrastruktur som muleggjer lokal oppgåveløysing.

Stortinget vedtok i 1995 at kommunestrukturen i realiteten ikkje skulle avgjerast av rikspolitikarane, men av lokalpolitikarane, ved at sammenslutningar skulle skje på frivillig basis. Er dette reelt demokrati, eller er det ansvarsfråskriving frå Stortingets side, som bør ha rett og plikt til å legge kommunestrukturen i landet. Diskusjonen om ”tvangssamanslutning” kom inn som ny-ord i 1995, det hadde ikkje eksistert tidlegare.

Små kommunar må ofte finne saman i oppgåveløysinga for å bli meir effektive eller for å få nødvendig kompetanse. Interkommunale løysingar er stort sett positive for tenesteutvikling og teknologisk utnytting, men kan oppfattast som negativt for nærdemokrati og folkevald styring. Interkommunalt samarbeid er heller ikkje ei erstatning for større kommunar; ein kan i visse høve stille spørsmål om kor blir det av demokratisk styring og kontroll. Dessutan kan det vere ei ulempe at folk flest ofte ikkje kjenner til slike fellesorgan.

Småkommunane kjem også til å bli sterkt utfordra som einingar dersom **regionreformen** vinn fram og blir gjennomført. Regionane blir i realiteten samanslutningar av fylker, ikkje nødvendigvis ei styrking av folkestyret. Det er nok ein illusjon å tru at staten vil gi frå seg oppgåver som blir definert som viktig for statleg politikk. Eit nytt mellomnivå vil difor – som alltid i slike utviklingsprosessar – prøve å posisjonere seg og utnytte mulegheitene gjennom å trengje inn på nivåa over og under. Staten har makt til å ”halde regionane unna”, men for lokalforvaltninga vil dette alltid kunne representere ein trussel.

Dei gamle fylkestinga (fram til 1975) fungerte lenge godt, men vart i realiteten underminerte av alt for mange små kommunar, fordi ulikskapen var for stor og interessene for forskjellige. Det same kan lett kome til å skje med regionane. Difor kan det vere grunn til å tru at regionreformen indirekte og på sikt vil kome til å gli over i ein kommunestrukturereform. Det er ikkje sjølvsaugt at kommunestrukturen forblir som i dag, men prosessar som dette tek mange år, og før vi eventuelt står i den situasjonen, må vi arbeide aktivt for kommunens utvikling. Å gi gass er derfor eit naturleg svar, og i denne økonomiplana har rådmannen prøvd å legge vekt på dette.

1.3 Folketalsutviklinga i Midsund

Følgjer ein SSB's prognosar for folketalsutvikling, ser ein at Midsund på få år vil kome ned på eit innbyggartal som i seg sjølv er ein trussel for å kunne oppretthalde gode nok tenester til innbyggjarane. Dette er truleg den største grunnleggande utfordringa kommunestyret står overfor i tida som kjem, og vil i så fall måtte ha konsekvensar når ressursbruk og tiltak skal prioriterast.

Prognosen viser at folketalet kan gå ned med 57 personar frå 2006 til 2010. Dei ferskaste tala for folketalet i kommunane er ved utgangen av 3. kvartal 2006: Midsund kommune har da 1901 innbyggjarar, og er altså allerede under det nivået som SSB tidlegare berekna seg fram til for

2008/09.

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2012	2016
Totalt	1939	1933	1917	1910	1893	1876	1858	1817
0-5 år	153	154	148	153	146	136	126	123
6-15 år	253	251	257	252	251	259	263	252
16-67 år	1194	1190	1182	1174	1175	1160	1160	1151
68-80 år	217	219	209	210	202	200	203	210
81 år +	122	119	121	121	119	121	115	111

Unge

Talet på born held seg nokonlunde konstant i dei næraste åra, men går nedover frå 2010. Talet på dei yngste går nedover alt frå 2008, noko som burde tilseie at det blir enklare å nå og oppretthalde full barnehagedekning, forutsatt at foreldrebetalinga ikkje går ned. Talet på skuleelevar (dei mellom 6 og 15 år) ligg stabilt på mellom 250 og 260 i perioden fram til 2016, med ein topp på 263 i 2012, og minkar deretter til dagens nivå.

”Middelgruppene”

Størst nedgang i folketalet er det i dei aldersgruppene som er i arbeidsdyktig alder og som dermed skal bidra til å gi kommunen framtidige skatteinntekter.

Eldre

Talet på dei eldste eldre ligg nokonlunde fast i heile perioden, medan det er ein liten nedgang i gruppa ”yngre eldre”.

Inntektssystemet er m.a. innretta slik at for kvar innbyggjar kommunan har får ein ca. 20.000 kroner i årleg tilskot. Minus 16 personar frå 2006 til 2007 betyr ca. 320.000 kr. i redusert tilskott. Går folketalet ned med 50 personar, mistar kommunen 1 mill. kr. årleg i overføringar frå staten. I tillegg går ein glipp av skatteinntekter.

Inntektssystemet fangar opp befolkningsendringane ved kvart årsskifte. Samtidig som talet på innbyggjarar totalt sett går ned, og at inntektene dermed blir mindre, skjer dette ikkje i gruppene barn i skolealder og eldre. At desse gruppene er stabile i antal (unge), eller veksande (eldre) kan medføre utgiftsvekst.

Eit anna moment er at heile lokal-samfunnslivet blir ”fattigare” jo færre innbyggjarar ein har; det blir færre til å engasjere seg i lag og foreningar, i kulturaktivitetar, i handel, etc.

Framtidig lokal velferd produsert av kommunen avheng difor i stor grad av at trenden i folketalsutviklinga kan bli snudd. Dette er utfordrande, i og med at heile budsjettet med største letthet kan brukast på auke i eldreomsorga, på brukarar med særlege behov, på eksisterande skuletilbod, etc. Dilemmaet er at dette ikkje betrar grunnutfordringa. Skal folketalsutviklinga bli positiv, må Midsund kommune skape eit omdømme og ha varierte tilbod som gjer at unge folk oppfattar at kommunen er (spesielt) god å kome til og bu i.

1.4 Inntektssida i økonomiplana

a) Frie inntekter

Frie inntekter er inntekter i form av ulike skattar, rammetilskott og egne inntekter.

Prinsipielt og isolert sett har kommunane fått auka sine frie inntekter. Ser ein bort frå underliggende utgiftsvekst knytta til renteauke, pris- og lønssstigning, som regjeringa gjer når dei definerer begrepet "frie midlar", skal det vere rom for

- *fleire hender i omsorg*
- *betre utvikling i skolane gjennom kompetanseløft, m.v.*
- *ekstra satsing på psykiatri*
- *NAV-reformen*
- *forbetra sosiale tiltak og rustiltak*
- *etc. etc.*

Ser ein derimot utgiftene i samanheng med inntektene, som kommunane gjer, er det ingen realvekst (= eigentlege reelle frie inntekter) i statsbudsjettet for 2007. Det er i beste fall ein kapitaltilførsel der pris- og lønsauke til ein viss grad blir dekkja. Skal kommunen kunne gjere noko med sine satsingsområder, må vi omprioritere og vurdere "gamle sannheter" på nytt.

Utviklinga i **skatteinntektene** er av KRD berekna slik ut frå regjeringas opplegg i statsbudsjettet (heile 1000 kroner)

Skatt	2006	2007	2008	2009	2010
Formue og inntekt	30.679	32.406	32.406	32.406	32.406

I og med at årets (2006) skatteinngang er god, vil årets skatteinntekter ligge omtrent på høgde med det som er prognosa for 2007. Sjølv om skatteøret er senka frå 2006 til 2007, har rådmannen i sitt budsjettforslag heva skatteanslaget med 500.000 kr. til **kr. 32.953.000** (ansvar 4714 art 1870).

b) Rammetilskott

Det er grunn til å merke seg utviklinga som ligg i at stadig fleire formålsbestemte tilskot (øyremerka midlar) blir lagt inn i det generelle rammetilskotet. Det er prinsipielt rett, fordi det har vore for mange slike særordningar. Øyremerking av midlar er nødvendig for grupper som ikkje sjølv kan hevde sine rettar, medan sterke grupper ikkje treng øyremerking. At stadig fleire formålsbestemte tilskot blir innlemma i rammetilskotet betyr samstundes at begrepet "frie midlar" etterkvart får eit endra innhald.

Rammetilskotta er i statsbudsjettet for 2007 berekna slik for Midsund kommune (ansvar 8400 art 1800):

	2006	2007	Endring 2006-2007	Endring i %
Rammetilskot	-39 552 000	-41 045 473	-1 493 473	3,8 %
Generelle statstilskot	-5 915 500	-7 598 840	-1 683 340	28,5 %
Momskompensasjon	-2 938 000	-3 000 000	-62 000	2,1 %
Generelle statstilskot til flyktningar	-1 953 400	-493 000	1 460 400	-74,8 %
	-50 356 894	-52 135 306	-1 778 412	3,5 %

Rammetilskuddet framkommer slik:

1000 kr	2006	2007
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	12 708	13 314
Utgiftsutjevning	12 123	12 847
Overgangsordninger	662	347
Utenfor overgangsord (inkl oppgavediff)	-	584
Nord-Norge-tilskudd	-	-
Regionaltilskudd	4 911	5 083
Ordinært skjønn	2 894	3 010
Sum rammetilsk uten selskapsskatt	33 298	35 184
Selskapsskatt (lagt inn sammen med rammetilskudd i 2005 - 2010)	1 676	794
Sum rammetilsk. ekskl inntekstutj.	34 974	35 978
"Bykлетrekket" (anslag)	-7	-7
Netto inntekstutjevning	4 452	5 074
Sum rammetilskudd	39 418	41 045
Rammetilskudd - endring i %	11,7	4,1

Forventa generelle statstilskot	Budsjett 2006	Budsjett 2007
Kompensasjonstilskot sjukeheimen	-605 100	-605 100
Kompensasjonstilskot omsorgsbustader	-537 300	-537 300
Investeringstilskot reform-97	-225 000	-225 000
Rentekompensasjon skulebygg	-173 580	-231 440
Ressurskrevjande brukarar	-4 328 000	-6 000 000
	-5 868 980	-7 598 840

Økningen fra 2006 til 2007 skyldes økt refusjon ressurskrevende brukere

Etter denne berekninga vart lagt fram, har regjeringa auka overføringane til kommunane, og for Midsund utgjør dette ein auke på **kr. 604.000** for 2007, og dette nivået er vidareført i perioden.

Tilskotet knytta til flyktningemottak går sterkt ned i og med at integreringsperioden (5 år) går mot slutten. Integrering inneber at flyktningane, på lik line med andre innbyggjarar, påverkar budsjetta til einingane, gjennom tiltak i skolane, sosialbudsjett, på kultur, i barnevernet, etc. Administrativt – i stab – blir reint administrative ressursar knytta til flyktningar etterkvart "fasa ut".

c) Psykiatrimidlane

Statlege psykiatrimidlar gir eit svært viktig bidrag til mange tenestemråde i kommunen. For å vise dette er følgande tatt med til orientering:

Psykiatrimidler

	2007	2008	2009	2010
Psykiatrisk sjukepleier	534 959	534 959	534 959	534 959
Sosionom barnevern	228 163	228 163	228 163	228 163
Aktivitetssenteret, Aktivitør 20% stilling	76 913	76 913	76 913	76 913
Aktivitetssenteret, Aktivitør 25% stilling	96 000	192 000	192 000	
Helsesøster, 50% stilling	228 749	228 749	228 749	228 749
Ungdomsklubb, leder 22%	88 029	88 029	88 029	88 029
Ungdomsklubb, drift	19 971	19 971	19 971	19 971
Driftsstøtte aktivitetssenter	100 000	100 000	100 000	100 000
Miljøarbeider 10% stilling	17 000	17 000	17 000	17 000
Mental helse tilskudd	15 000	5 000	5 000	5 000
Informasjon, ny brosjyre	20 000	10 000	10 000	10 000
Miljøarbeider skule		145 000	145 000	145 000
Kompetanseutvikling	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum utgifter	1 454 783	1 675 783	1 675 783	1 483 783
Inntekter	-1 455 000	-1 676 000	-1 897 000	-2 118 000
Netto	-217	-217	-221 217	-634 217

d) Eigne inntekter

Gebyrer, avgifter og leigeinntekter:

Det blir lagt fram egne saker om heving av dei ulike satsane. Stort sett skjer dette ved at vi gjer påslag som harmonerer med prisutviklinga (relaterer til konsumprisindeksen). Innafor teknisk eining (VA-områda) er det forskrifter som regulerer mulegheitene for auke. Grovt sett kan ein seie at inntektsmulegheitene som ligg i gebyr- og avgiftsopplegget er utnytta.

Eigedomsskatt:

Midsund kommune har ikkje innført eigedomsskatt i dag. På dialogmøtet med kommunestyret 2. november kom det fram synspunkt som har medført at rådmannen ikkje har gått vidare med dette.

Avkastning på fondsmidlar ("Istad-pengane").

Avkastningen på midlane plassert i fonds har vore låg siste året, grunna nedgang på børsen. For 2005 kunne kommunen innkassere ei avkastning på vel 4 mill. kr. For 2006 er det grunn til å tru at avkastningen vil bli ca. det halve. I budsjettssamanheng har 1 mill. kr. vore inntektsført. Frå og med 2007 er det foreslått å inntektsføre 1,5 mill.kr. årleg (ansvar 9000 art 1905).

1.5 Utgiftssida i økonomiplana

Løner

Størsteparten av utgiftssida i økonomiplana er å sjå på som faste, bundne utgifter. Dette ut i frå at kommunen er ei arbeidsintensiv verksemd der 65-70 % av utgiftene er lønsrelaterte. Som følge av størrelsen i dette er løn og lønsvekst i realiteten å sjå på som ei fast utgift, sjølv om ein sjølv sagt i nokon grad kan påverke dette gjennom bemanningsendringar. Lønspostane er heva med 4 % frå 2006 til 2007.

Lønsviklinga har samla sett vore svært stor i 2006, ut frå sentralt inngåtte avtalar. Dette vil legge eit veldig press på einingane sine budsjett for 2007, og for å kunne vere meir sikker på at lønspostane skal halde, burde det ha vore reservert midlar for dette på disposisjonsfondet.

Renter

Rentenivået har vore lågt dei seinare åra. Dette har kommunen nytt godt av, og det har bidratt positivt til årsresultata . Utover i 2006 har Norges Bank heva den såkalla styringsrenta fleire gonger, siste gong frå 3,0 til 3,25 %. Det betyr at utlånsrenta frå bankane ligg mellom ca. 3,5 – 4 %. Det er varsla ytterlegare renteauke seinare i år og utover i 2007, slik figuren nedanfor antyder

Utvikling i rentekostnadane er ihht økonomiplana slik (heile 1000 kroner):

	2005	2006	2007	2008	2009	2010
Renter	-	1 740	2.285	2.862	3.128	3.129

Som kurva ovanfor vedr. Norges Bank ”rentebane” viser, er det grunn til å vente renteauke i åra som kjem. Det betyr at renta kan stige med ca. eit prosentpoeng i 2008 og ytterlegare eitt i 2009/2010. Kommunen burde ideelt sett avsette reservar for å møte ei slik utvikling, men det er ikkje rom for dette no.

Det er disposisjonsfondet som kan fungere som kommunens ”buffer” mot underliggande kostnadsendringar i løner, renter, etc., og det blir da sjølv sagt viktig at dette fondet har nok kapital dei næraste åra. Ut frå kjende prioriteringar vil fondsreservane bli sett under press dei næraste åra. Rådmannen viser til oversikten over tilførsel til og bruk av disposisjonsfondet i pkt. 6.3.

Lånegjeld og avdrag på gamle og nye lån

Lånegjelda utviklar seg slik ihht. rådmannens budsjettforslag (sjå investeringsoversikten med tilhøyrande finansiering), vedr. lån som belastar driftsbudsjettet:

År 2007: 8,2 mill 2008: 7,35 mill 2009: 0,62 mill 2010: 0,40 mill



Belastning på driftsbudsjettet	2007	2008	2009	2010	Sum
rente lån opptatt i 2007	102.500	404.143	392.429	380.714	1.177.286
rente lån opptatt i 2008		91.875	362.250	351.750	805.875
rente lån opptatt i 2009			7.750	30.557	38.307
sum	102.500	496.018	762.429	763.021	2.021.468
avdrag lån opptatt i 2007		234.286	234.286	234.286	702.857
avdrag lån opptatt i 2008			210.000	210.000	420.000
avdrag lån opptatt i 2009				17.714	17.714
Sum	0	234.286	444.286	462.000	1.140.571
sum renter og avdrag	102.500	730.304	1.206.714	1.225.021	3.162.039

Det er berekna renter for 3 mnd i 2007. For øvrig 5 % / år.

2 Organisering

2.1 Administrativ organisering

Midsund kommune er ein klassisk stab-line-organisasjon, no prinsipielt organisert i to nivå mot tidlegare tre, basert på **sjølvstendige resultateiningar** og (i stor grad) **felles stabsfunksjonar**. Dette har samanheng både med ønsket om å ha kortast moglege samarbeidslinjer i organisasjonen (så få "lag" i organisasjonen som mogleg), og med at det er eit ønskje om at det skal vere så kort veg som muleg mellom leiing/medarbeidarar og brukarar.

Stabens rolle er to-sidig: den eine er å støtte og gi råd til einingane, og den andre er å utøve mynde og direkte tenesteproduksjon på enkelte områder. Denne siste funksjonen blir ofte "oversett", men er viktig for heilskapen i organisasjonen.

Det er serleg frå 2001 og utover at kommunane har endra den administrative strukturen. Utviklinga er eintydig, og går frå ei organisering i etatar/fagavdelingar og over til ein flatare struktur eller "2-nivå-modell", der leiarane for dei utøvande tenestene blir direkte kobla mot rådmannen.

Det må alltid vere eit mål for små kommunar å organisere seg enkelt og fleksibelt. Utfordringa i dette ligg i å ikkje gjere dette så enkelt at ein samstundes organiserer vekk kompetanse. Jfr. det som er omhandla framanfor under "perspektiv på kommunesektoren": at dei små kommunane er svake i seg sjølv (og i realiteten eit hinder for auka delegering til kommunane generelt sett), og da må ein ikkje stelle seg slik at ein i tillegg fjernar stillingsressursar som er nødvendige å ha med omsyn til kompetanse og kapasitet. (Eit lokalt eksempel på dette kan vere planleggarstillinga som Midsund hadde fram til 2000/2001, men som da vart kutta ut).

I denne økonomiplanperioden vil **biblioteket** måtte få nye lokaler. Avtalen med idrettslaget



opphører i utgangspunktet i 2008. Om det er muleg å forlengje leigeperioden må drøftast med idrettslaget. Det vil bli arbeidd med ulike alternativ, m.a. knytt til Midsund skule eller til mulege framtidige lokaler i sentrum.

Kommunestyret har nedsett ein **utviklingskomite** som m.a. skal vurdere framtidig organisering og drift av kommunens eigedomar. Ut frå ein økonomisk og styringsmessig synsstad er det interessant å vurdere oppretting av eit **kommunalt foretak**, som på sjølvstendig grunnlag kan forvalte og utvikle eigedomane på ein forretningsmessig måte, og i større grad vere fristilt frå den ordinære drifta i kommunen.

2.2 Politisk organisering

Politisk er kommunen no organisert med kommunestyre, formannskap og *utviklingskomitear*. I og med at det er ei stadig meir utfordrande oppgåve å stake ut kursen på viktige områder, og beskrive og bestemme kva kvalitet og standardar dei enkelte tenestene skal ha lokalt, er det viktig at kommunens folkevalde sjølv tek aktiv del i utforminga av dette, og ikkje berre opptre som vedtaksorgan. Difor er modellen med politiske utviklingskomitear innført. Det økonomske ressursgrunnlaget er sterkt begrensa, og kommunen vil ikkje oppnå "handlingsrom" med mindre kommunens folkevalde prioriterer (dvs. velger vekk ting).

Utviklingskomiteane må – i tillegg til å sette fokus på konkrete oppgåver/oppdrag – legge vekt på å utvikle politikken på det einskilde området: "kva slags skule vil kommunestyret ha i framtida?", "kva slags eldrepolitikk skal meislast ut"?, etc, slik at arbeidet på viktige område skjer på måtar der dei grunnleggande måla er kjende og forutsigbare.

Utviklingskomiteane må bli gitt mulegheiter til fagleg fornying og påfyll, slik at dette både blir verkstader og strategiske arenaer, der ein gjennom nye arbeidsmåtar kan samarbeide politisk og administrativt, der fagleg påfyll blir prioritert, og der komiteane kan kome i posisjon overfor brukargrupper, organisasjonar, etc.

2.3 Interkommunalt samarbeid

Slike ordningar er på mange område initiert og etablert som følge av at enkelte oppgåver/utfordringar er for store til at det er tenleg (eller muleg) for den enkelte kommune å handtere dette sjølv. For i det heile å kunne yte kvalitativt gode tenester er det nødvendig for ein liten kommune å inngå i samarbeidsordningar. Ulempen er gjerne lokalisering av tenestene (det skjer ofte i andre kommunar) og at styringselementet blir svekka.

2.4 NAV-reformen

(Ny Arbeids- og Velferdsforvaltning) vil innebere at kommunen inngår samarbeid med staten når det gjeld arbeidskontor og trygdekontor. Dei kommunale tenestene som inngår i dette samarbeidet vil serleg vere sosialtenestene, delvis tenester for flyktningar, m.v. Ei arbeidsgruppe har diskutert forhold knytta etablering av (felles) NAV-kontor i Midsund. Prosessen er noko forsinka grunna indre tilhøve på statleg side, og etablering av NAV i Midsund vil ikkje skje før i 2008.



3 Utfordringar for kommunen

Den løpande drifta er krevjande, men kommunen kan jamt over vere godt nøgd med både nivå og kvalitet på tenestene. Det som etter rådmannens skjøn blir serleg utfordrande framover er m.a. følgande:

3.1 Folketalsutviklinga

Blir ingenting gjort, går folketallet etter prognosane relativt sterkt attende. Kommunen har inngått samarbeid med Placement Utvikling om eit tilflyttingsprosjekt, spesielt innretta for å få nederlendarar til å kome til Midsund. Målet med prosjektet er å få ca. 20 personar til å flytte til og busette seg kommunen i løpet av 2 år. Dette er eitt eksempel på utradisjonell tenking og handling, og det blir viktig å legge til rette for at prosjektet kan få god mottaking og ”forankring” i lokalsamfunnet. I løpet av 2006-2007 vil dette koste ca. 360.000 kr. pr. år, med kostnadsdeling 50:50 med næringslaget.

Det må arbeidast aktivt og på fleire frontar for å stabilisere folketalsutviklinga.

3.2 Kommuneplanlegging

Kommuneplana gjeld ut 2006, og det blir viktig å kome i gang med rullering, både av tekst- og arealdelen. Ny kommuneplanprosess vil bli igansett i 2007. Deler av arbeidet kan skje i eigen regi, men i kommuneadministrasjonen er det ikkje eigne medarbeidarar som kan ta seg av heile dette arbeidet, og det må i alle fall løyvast midlar til ekstern bistand (gjeld serleg utarbeiding av arealdelen).

Rulleringsarbeidet av kommunaplana gir kommunestyret og kommunens innbyggjarar høve til å stake ut ny kurs for korleis Midsund som kommune skal utvikle seg framover. Det må settast tydelege mål, og ambisjonane vedr. eigen framtid må vere store men realistiske.

Å legge til rette for tilflytting, tilrettelegging av attraktive områder for bosetting og hyttebygging blir viktig, herunder betre utnytting av strandsona, gjennom regulerings-planprosessar. Det er viktig at utbygging skjer på ein kontrollert og skånsom måte, for utbygging set spor i generasjonar framover og difor må utviklinga skje med forsiktighet slik at vi bevarer eigenart og fri natur. Utviklinga må i det heile skje ut frå kva ein vil skal vere viktige verdiar, kjenneteikn og eigenart for Midsund som lokalsamfunn.

3.3 Sentrumsplanlegging

Midsund kommune har eitt sentrum, og i det vidare utviklingsarbeidet må det satsast aktivt for å få større aktivitet der. Gjennom ny reguleringsplanprosess som no er i gang, må ein på ulike måtar satse for å få eit så attraktivt sentrum som muleg. Det må leggest til rette for busetting, auka handels- og forretningsaktivitetar, offentleg tenesteyting og service, m.v., og kommunestyret må **drøfte korleis kommunen sjølv kan bidra til å sette fart i sentrumsutviklinga**. Til planleggingsarbeidet trengs ressursar, og dette er foreslått i økonomiplana.

3.4 Sentrumsutvikling

Det er fleire planer i privat regi for vidare utbygging i Midsund sentrum. Det er bra! Skal ein lykkast i å utvikle eit godt sentrum i kommunen, må både private interessentar og kommunen sjølv våge å satse.

Coop planlegg utviding, og det same gjer Midsund Senter, der kommunen er invitert med i



prosjektutviklinga. Trygdekontoret er etablert der allereie. NAV-kontoret vil bli etablert der i 2008, i tilknytning til dagens trygdekontor. Kommunens sosialkontor vil inngå i samarbeidet med trygd og a-etat, og etter ei nærare vurdering kan kanskje andre kommunale funksjonar inngå i dette samarbeidet.

All offentlig administrasjon og tenesteyting i Midsund bør vere koordinert og samordna, og i samband med utbyggingsplanane i sentrum er det interessant for kommunen å vurdere **flytting av "kommunehusfunksjonane"** dit. Dette ligg som forslag i rådmannens budsjett- og økonomiplanforslag. Det vil i så fall vere eit stort bidrag til styrking av sentrum, og vil kunne utløyse andre næringsretta initiativ. Etablering av "Midsund Rådhus" i sentrum er nærare kommentert på investeringsbudsjettet.

Tannlegekontoret er no etablert i sentrum, m.a. som følgje av at kommunen ønska flytting av klinikken dit.

Det må påreknast at det må utførast betydelege grunnlagsinvesteringar i kommunens regi i sentrum, og det er avsett midlar til dette på investeringsbudsjettet.

3.5 Næringsutvikling

Det lokale næringslivet er aktivt og dynamisk, og har forventningar til kommunen når det gjeld framtidig utvikling og aktivitet. Kommunen har viktige oppgåver knytt til tilrettelegging, planlegging og marknadsføring, til å støtte nye idear og verksemdar, til å bruke næringsfond og andre ressursar på måtar som bidreg til å utløyse optimisme og ny aktivitet. For å bli tydeleg i dette arbeidet må det avklarast korleis næringsarbeidet skal organiserast og finansierast, slik at effekten blir best mogleg.

Kommunen har i realiteten ikkje noko val – det må satsast på utviklingstiltak som både er næringsretta, som kan få folk til å kome hit, bo her og bli her. Det bør gjennomførast ei undersøking som kan gi betre kunnskap om kva forventningar og krav ulike aldersgrupper har knytta til det å bo, arbeide og leve i Midsund; kva forventar ein skal finnast i kommunesenteret, kva aktivitetar og tilbod er premissgjevande for val av busetting, kva er det som i sum kan bidra til ei ønska utvikling av sentrum.

Kommunen skal vere med å utarbeide ei **strategisk næringsplan**, som kan bli kommunens styringsreiskap i dette arbeidet, i samarbeid med næringslaget, reiselivslaget, bondelaget og andre aktuelle organisasjonar. Å utvikle ei slik plan krev ressursar, og dette er drøfta med næringslaget, t.d. basert på ei 50:50 kostnadsfordeling.

I den situasjonen kommunen står oppe i, må ein sterkt vurdere å styrke arbeidet på næringsida, for eksempel med å opprette ei stilling som **nærings sjef** el.l. til å ta seg av viktige sider ved dette arbeidet. Ei slik stilling vil i så fall bli eit felles tiltak med næringslaget, og bli finansiert 50:50. Næringslaget har signalisert at dei ønskjer ei "fri" stilling, som ikkje er knytta opp mot kommunehuset. Rådmannen er samd i dette, og tilrår at det blir **oppretta eit eige selskap**, eit AS, som kan ta seg av utviklingstiltak i kommunen.

Kommunens **næringsfond** er eit sentralt verkemiddel som stimulans i det småskala, lokale næringsarbeidet. I budsjettet er det tatt som ei forutsetning at kommunen kvart år får tilført midlar minst på same nivå som i dag (om lag 600 000 kr/år). Vårt eige regelverk om bruken av næringsfondet må ajourførast og tilpassast dagens politiske vilje. Næringsfondet kan stillast til disposisjon for eit eventuelt utviklingselskap.



For å kunne styrke næringsarbeidet, må vi ha ein ambisjon om å byggje sterkare **næringslivsnettverk**; danne arenaer der sentrale aktørar i og utanfor kommunen kan møtast og ta tak i felles utfordringar.

I mange kommunar er det lokale næringsretta arbeidet samla i **næringshagar**. Det bør bli ei sentral oppgåve å utgreie grunnlaget for dette også i Midsund.

Rådmannen vil foreslå at kommunen tek initiativ til at det blir danna eit utviklingselskap, eit **"Midsund Utvikling AS"**, med eige styre og eigen dagleg leiar (= næringsssjef), saman med næringslaget og andre interesserte aktørar. Eit selskap som dette bør da ta seg av næringsretta planlegging og konkrete tiltak/prosjekt, og i budsjettet og økonomiplana har rådmannen lagt inn følgjande:

"Midsund Utvikling AS"

Kostnader/tiltak:

Dagleg leiar/næringsssjef	600 000
Driftsutgifter Midsund Utvikling A/S	50 000
Tilflyttingsprosjekt (Placement Utvikling)	360 000
Reiselivslaget - turistinformasjon	100 000
Kart- og informasjonsmateriell	50 000
Midsundfestivalen	40 000
Destinasjon Molde og Romsdal	40 000
Andre tiltak, herunder utarbeiding av Strategisk utviklingsplan for Midsund	140 000
Sum utgifter	1 380 000

Finansiering/kostnadsdeling:

Midlar frå næringsfondet	-600 000
Midlar frå kommunen til lønsutgifter	-300 000
Midlar frå næringslaget til lønsutgifter	-300 000
Tilskot frå næringslaget til Placement-prosjektet	-180 000
Sum inntekter	-1 380 000

Formannskapet – som utviklingskomite – er i gang med å vurdere organisering, innhald og økonomiske forhold knytta til kommunens næringsretta arbeid og næringsengasjement. Dette skjer i samarbeid med næringslaget, og formannskapet/utviklingskomiteen vil seinare kome attende til kommunestyret med konkrete forslag.

3.6 Eldresatsing

Utviklinga kan gå i retning av fleire eldre, og etterkvart fleire gamle eldre. Dette betyr – som vi veit – auka press på sjukeheimen og heimetenesene. I dag er sjukeheimen dimensjonert for 30 plassar. Presset vil (kortsiktig?) bli mindre om talet på plassar blir auka, men fleire sjukeheimsplassar krev i så fall betydelege ressursar som vanskelegjer andre utviklingstiltak. I rådmannens budsjettforslag ligg det ikkje midlar til drift av fleire sjukeheimsplassar.

Bygging av nytt **bokollektiv** bør vurderast nøye i det vidare arbeidet. I dag representerer "Høgda" ei slik boform, men Høgda har dårleg standard, og bør erstattast med nybygg. Dei fire som bor der kan tilbys (midlertidig) plass når avdelinga på sjukeheimen er oppgradert.

Utviklingskomiteen som no arbeider med kommunens framtidige eldrepolitikk vurderer naturleg nok heilskapen i dette, herunder om det kan etablerast andre tilbod som krev mindre ressursar. Dei 6 plassane som kan etablerast ved oppgradering av ledig avdeling ved sjukeheimen, bør etter rådmannens meining oppussast snarast råd, slik at kommunen kan oppnå større fleksibilitet.

I samarbeid mellom sjukeheim og heimetenesta bør kommunen kunne makte å opptrø fleksibelt, slik at brukarar med akutte eller kortsiktige behov kan bli tatt godt imot, enten det gjeld utskrivning frå sjukehus eller innlegging frå eigen bustad. Rådmannen har ei forventning om at slik hjelp kan bli ytt innafor dei rammene sjukeheimen og heimetenesta får tildelt, t.d. gjennom utnytting av ledige plassar i ei framtidig nyoppussa avdeling.

3.7 Skolestruktur

I mars 2006 behandla kommunestyret innstrammingar i økonomiplana, på bakgrunn av at kommunen elles ville kome på den såkalla ROBEK-lista, og dermed bli underlagt strengare statleg kontroll og mindre handlefridom som følgje. Kommunestyret ønska ikkje at dette skulle skje, og vedtok innstrammingar også for skolesektoren frå og med 2007, med tilsamen ca. 1 mill.kr.

Kommunestyret har nettopp gjennomført ein diskusjon om framtidig skolestruktur, på bakgrunn av utviklingskomiteens arbeid. I tråd med kommunestyrets tidlegare vedtak foreslo utviklingskomiteen tiltak som kunne innebere reduserte kostnader for kommunen.

Konklusjonen i kommunestyret (oktobermøtet 2006) var to-sidig, og omtrent slik:

- 3 for det første meinte kommunestyret at dagens struktur i hovudsak skal vidareførast, utan å sette serlege økonomiske innsparingskrav
- 4 for det andre fekk rådmannen fullmakt til å igangsette planlegging av ein felles skole (eit samla skoleanlegg) når han fann tida inne til det

Kommunens stramme økonomiske situasjon er godt kjend for kommunestyret, gjennom dokumentasjon i budsjett og økonomiplanar, enkeltsaker og orienteringar.

Ut frå dei store utfordringane som kommunen står overfor, burde tiltaka på skolesektoren som kommunestyret vedtok i mars 2006, blir vurderte på nytt. Dersom det er muleg å drive meir kostnadseffektivt utan at det får for store uheldige kvalitetsmessige konsekvensar, bør tiltak kunne iverksettast for å nå andre viktige mål.

Samanlikna med strukturelle tiltak som rådmannen foreslår på andre områder, er konsekvensane av å sjå ressursane ved småskulane i samanheng relativt små. At skolane (Midøy og Raknes) må sjå sine ressursar i samanheng, og t.d. slå saman årstrinn der elevtalet tilseier at vesentlege ressursar kan sparast, er etter rådmannens syn godt gjennomførbart. Dette gjeld for enkelte skoleår to årstrinn, i andre år eitt, og den økonomiske verknaden kan da variere, opp 1,1, mill.kr. pr. år. Det er opp til kommunestyret å vurdere om denne effekten skal tas ut.

Rådmannen forhold seg i økonomiplana til kommunestyrets oktobervedtak, og det er ikkje trekt ut midlar som kan sparast ved å samordne undervisninga på andre måtar. Men ved årleg å nytte disposisjonsfondet til å finansiere denne driftsforma bidreg ein til at fondet kan bli tømmt i 2009. -

Uavhengig av dette, er det føresett at også skolesektoren må bidra til effektivisering framover, og det er lagt inn beløp frå 250.000 kr. til 350.000 kr. årleg frå 2008.

Rådmannen vil, når konsekvensane av kommunestyrets endelege budsjettvedtak for 2007 og rammene for økonomiplanperioden 2007-2010 ligg føre, vurdere å fremme sak overfor kommunestyret om mandatet for igangsetting av planarbeidet med ei samlokalisering av skolane. Dersom vi i dag driv unødvendig dyrt, ser rådmannen det slik at vi ikkje kan vente med å igangsette planprosessen for å få klarheit i om ei samling av skolane kan vere økonomisk gunstig. Frå planoppstart til ferdig skole vil det truleg ta 4-5 år. I økonomiplana er det foreslått å avsette midlar til ein slik planprosess (2007 og 2008).

Det er ei stor utfordring for kommunestyret – både som skoleeigar og arbeidgivar – å ta stilling til viktige mål for framtidig skoleutvikling i kommunen, og korleis ressursar skal fordelast. Tradisjonelt har styring av ”skolen” vore eit fag for oppvekstutval, skolesjef og rektorar, og kommunestyret som organ har vore lite inne i diskusjonane. Både oppvekstutval og skulesjef er no historie, og kommunestyret må sjølv gripe rollen som skuleeigar. I denne overgangen frå passiv til aktiv aktør, vil innsikt i ”skulens indre liv”, til nye kvalitetskrav i skolen, til kompetanseløftet, vere ein viktig faktor for å kunne ta gode avgjerder.

Rådmannen meiner at det nødvendigvis ikkje er slik at desentral struktur er ein føresetnad (eller ein garanti) for god kvalitet i Midsundskolen. Det er neppe slik at kvaliteten på læringa, læringsmiljøet, arbeidsforholda for tilsette i skolen, osv. blir forverra om ein samlar elevane i Midsund i ein ny moderne skole. Tvert imot kan det vere grunn til å hevde at ein ny moderne skole blir gir betre tilhøve for elevar og lærarar, og dermed også vere eit fortrinn i arbeidet med å utvikle kommunen som eit attraktivt lokalsamfunn. Eit samla og nytt skoleanlegg (skolemiljø) vil bli meir fleksibelt på grunn av størrelsen, men fortsatt vil skolemiljøet vere relativt lite med omsyn til talet på elevar, og dermed vil ein behalde dei kvalitetane som mange ser i mindre einingar.

Avgjerande for om ein i framtida vil endre gjeldande struktur vil i stor grad avhenge av kostnadane som ein ny skole vil utløyse samanlikna med dagens ressursbruk. Dette vil planprosessen gi svar på.

4 Strukturelle forhold

I tillegg til faktorar som renter, avdrag, etc. er det mange sjølvpålagte ting som bind opp økonomien i kommunen, og dette kan vi gjere noko med. Dette har med ulike former for **strukturar** og **lokalisering** å gjere. Rådmannen vil difor i 2007 sette fokus på m.a. følgende:

4.1 Stillingsstrukturen i stab- og støttefunksjonane

Dersom det blir aktuelt å flytte inn i nytt kommunehus, der offentleg service og administrasjon blir samlokalisert, vil alle stillingane i stab- og støttefunksjonane bli gjennomgått med tanke på forenkling og effektivisering.



4.2 Skolestrukturen

Dersom kommunestyret opnar for det vil viktige sider ved dagens organisering bli gjennomgått og vurdert, enten dette er forhold knytta konkret til dei tre skulane, til "kretsgrenser" eller til samordnings"grenser" mellom skolane.

4.3 Barnehagestrukturen

Dei næraste åra – i alle fall ut denne økonomiplanperioden – vil barnehagestrukturen ligge fast. Dersom det blir ei framtidig samling at skulane i Midsund, blir det eit spørsmål kva småskulane kan nyttast til. Skulen på Raknes kan t.d. vere egna som ein større barnehage, dersom ein samlar tilbodet som i dag blir gitt i Nord-Heggdal og Raknes (inkl. ute-barnehagen).

4.4 Bukollektiv for eldre

Eit slikt kollektiv vil kunne demme opp for – eller forsinke – behovet for ytterlegare sjukeheimplassutbygging. Ved å realisere eit nytt bukollektiv til sjukeheimsområdet (erstatning for Høgda) kan bemanninga i heimetenestene og ved sjukeheimen på ein betre måte bli sett i samanheng.

4.5 Bokollektiv for bebuarar i butenesta

Eit nytt, felles bukollektiv for denne brukargruppa vil ha stor positiv innverknad på økonomien. Dersom ein bygger nytt bokollektiv og lokaliserer dette til sjukeheimsområdet, kan store samdriftseffektar takast ut.

4.6 Nytt aktivitetssenter for butenesta

Dersom det bli vedtatt å erverve nytt aktivitetssenter for butenesta (bilverksted/garasje på Raknes), må det vere ein føresetnad at drifta av denne delen av butenesta kan gjerast billegare, t.d. ved at når brukarane er der på dagtid, så kan personalressursane samordnast og utnyttast betre.

4.7 Vedlikehald av kommunale bygg

Det er vesentlege midlar som blir bruka på kommunens bygningsmasse, i form av vedlikehald, reinhald, tilsyn, etc. Det vil bli igangsett ein samla gjennomgang av dette, jfr. også utviklingskomiteens arbeid, som også berører desse forholda.

--

Det er lagt til grunn i økonomiplana at effektivisering som følgje av m.a. desse tiltaka skal gi følgande økonomisk effekt (heile 1000 kr.):

<u>Eining / År</u>	<u>2007</u>	<u>2008</u>	<u>2009</u>	<u>2010</u>
Stabs- og støttefunksjonar	-	300	500	500
Skulane	-	250	350	350
Butenesta	-	200	200	200
Heimetenesta	-	500	600	600
Sjukeheimen	-	500	600	600
Teknisk	200	500	500	400
<u>Sum</u>	<u>200</u>	<u>2250</u>	<u>2750</u>	<u>2650</u>

Andre ting er det sikkert også muleg å ta tak i. Rådmannen vil oppfordre alle til å foreslå rasjonaliseringstiltak som kan bidra til å gi kommuen større handlingsrom. Strukturar som er sjølvpålagte og som hemmar eller er kostnadsdrivande må bli vurdert fjerna.

5 Kommenterar til driftsbudsjetta

5.1 Stabsavdelingar

Økonomikontor/kommunekasse

I løpet av 2007 vil det bli sett i gang eit prosjekt retta inn mot å forbetre kommunens generelle styringsbehov. Dette **resultatmålingsystemet** ("balansert målstyring") er ei arbeidsform som involverer alle leiarar, til sette og folkevalgte, og det vil bli lagt fram ei eiga sak om dette (prosjektskisse til behandling). Skal kommunen kunne arbeide meir målretta, må målsettingane, forventningane og krava bli tydelegare, og – ikkje minst – vi må kunne måle og resultatvurdere i kor stor grad vedtatte mål blir oppfylt. Deler av eit slikt system er allereie teke i bruk, mellom anna når det gjeld å foreta brukarundersøkingar, medarbeidar-undersøkingar, etc.

Eit anna prosjekt er knytta til å effektiviser administrasjonens arbeid med fakturabehandling, gjennom å innføre sentral **scanning av alle fakturaer**.

Rådmannskontor - Personalkontor

Det er avsett midlar til å gjennomføre/følge opp **leiar- og medarbeidarutvikling** (opplæring). Fram til 31. mars 2007 vil det pågå eit prosjektarbeid spesielt innretta mot **heimetenesta, butenesta og delvis sjukeheimen**. Dette dreier seg i hovudsak om å framskaffe faktagrunnlag for korleis desse tenestene i dag er oppbygd og blir utført, korleis dekningsgraden av tenestene er, korleis ressursane blir fordelt på pleietyngdegrupper, korleis individuelle vedtak blir fatta og korleis dette påverkar kommunens økonomi, m.v. Vidare er det slik at **sjukefråveret** er høgt og veksande, og det vil dette prosjektarbeidet ta nærare tak i.

IKT

På IKT-området er det lagt inn ei forsiktig auke, og det skuldast behovet for å oppgradere programvare og utstyr. Det vil som tidlegare opplyst for kommunestyret bli gjennomført ei samla vurdering av status og utviklingsbehov på ikt-området i form av **ei samla IKT-plan**, og rådmannen vil eventuelt kome attende til dette i eiga sak. På sikt er det eit mål å redusere ressursbruk til stillingar i stab-og støttefunksjonar, men det føreset at ein har effektive hjelpemidlar og system.

